

# Stamnes

TEMA: Frå tjoðveg til riksveg 84  
KART: 440, 441



Kårstad, Veafjorden, eit autentisk beitelandskap.

## FJERDINGSVEGMERKE

Vi skal ikkje så langt attende i tida før ei byferd frå dei indre nordhordlandsbygdene både var strevsam, farefull og tok lang tid. Opptil to veker kunne ei slik byreise ta, og det var eit høgdepunkt i kvardagen å få vera med på bytur, jamvel om slitet med årane kunne bli tungt når vinden stod imot. Vår vinden lagleg, bruka dei råseglet, men i motvind og straumsgjø måtte årane fram.

Den tid kjende alle til fjerdingsvegmerka; då visste dei kor langt dei var komne, og kor langt det var att. Ved desse fjerdingsvegmerka var det ofte byte ved årane eller ein liten kvilepause. Ei gammal fjerdingmil var 2,8 kilometer. Sjøvegen frå Bolstad og ut Osterfjorden til Bergen var også den vanlege byvegen for vossingane. Eit vanskeleg fjordstykke var Sallusfjorden, og ofte måtte ein «leggja bi» ved gjestgjevarstaden i Sallus. «Å sitja i Sallus» vart eit munnhell (262).

På baksida av eit skriv frå presten Jersin om skulestellet i Bordalen på Vöss i 1796 er det skrivi ei namneliste over dei vanlege fjerdingsvegmerka mellom Bergen og Bolstad (437).

Vegen Stamnes-Eidslandet, eit imponerande teknisk kulturminne med handhogne tunnelar.

Bolstadfjorden var ei viktig ferdsle-åre for Vossebygdene.



## OSTRASKUTENE OG VOSSEBYGDENE

Dei flatbotna skutene som frakta ved, bork og andre tunge varer frå dei indre nordhordlandsbygdene og til Bergen, hovde godt for ferdsla opp den strie og grunne Bolstadstraumen. Behovet for meir lettsegla og lettrodde fartøy i transporten frå Bolstadfjorden og ut Osterfjorden til Bergen kan vera ein av grunnane til at båttypen utvikla seg. Kor gammal typen er, kan ein vanskeleg slå fast i dag, og det er heller ikkje sikkert at det berre er tale om ein bestemt type, men om føringsbåtar av ulik storleik til ulike føremål. Debatten går ivrig om det er Ostra-skute eller Vossa-skute som er det rette namnet. Kanskje er røyndommen i den historiske tradisjonen at det var fjordingane, ostringane, som bygde og brukte båtane, medan vossingane var avhengige av dei i sjøferdsla frå vossebygdene og til byen. Det er også eit faktum at det gamle Vossaveldi strekte seg langt ut mot Osterøy og fjordane ikring. Desse skutene var bygde som kraftige føringsbåtar, med veng akter og rigga med råsegl. Eit par lange årar hørde til. Båtane kunne lasta opp til 8 famnar ved, og vedfarten var ein viktig varetransport. Tradisjonen fortel om bønder som gjekk i fast fart med ved til bakarane i Bergen.

På BRØRVIKA ved Stamnes finst det originale delar som fortel om båttypen. Eit namn i tradisjonen er «Haldor på Berget» frå garden Kallviki. Han bygde dei beste båtane i dette distriktet.

Rekonstruksjon av ei av dei gamle, flatbotna ostraskutene som segla i den lokale fraktofarten.

